

Sensorrettlegg HIS2426 - Norge under hakekorset 1940-1945 – et internasjonalt perspektiv

Eksamen i HIS2426 har som mål å gje studentane mogelegheit til å visa i kor stor grad dei evner å forstå og resonnera rundt sentrale spørsmål ved norsk og europeisk okkupasjonshistorie. Fokus i pensum og førelesingar har vore på kompleksiteten bak dei dramatiske og grufulle hendingane under andre verdskrig. Eit sentralt kriterium for å gje ei svar på eksamensoppgåver ein god karakter blir difor i kor stor grad studenten viser evne til å forstå den vanskelege røynda folk måtte forholde seg til under krigen. Dette må samstundes ikkje gå over til fullstendig relativisme. Erkjenninga av at einskildmenneske i ulik grad framleis kunne ta val med konsekvensar for seg sjølv og andre må vera på plass.

HIS2426 har følgande eksamensoppgåver:

Svar på éi av desse oppgåvene:

1. Kva for roller på godt og vondt spelte nordmenn under forfølgningane av jødar i Noreg under krigen, og korleis kan handlingane deira forklarast?
2. Kva for hovudtendensar har prega historieskrivinga om krigen i etterkrigstida, og kva endringar kan identifiserast?
3. Kva for tendensar, prinsipp og handlingsmønster kjenneteikna motstand mot okkupanten og Nasjonal Samling i Noreg, og kva var dei mest omstridde spørsmåla internt i motstandsørsla?

Desse skal svarast på i løpet av ein tredagars heimeeksamen. Heimeeksamen inneber at det stillast krav til at studentane skal bruka referansar i teksten. Alle oppgåvene er sjølvstøtt mogeleg å svara på ut frå pensum og førelesingar. Kva som er relevant litteratur for kvar eksamensoppgåve bør gå ganske klart fram gjennom å samanhalda lista over førelesingar med oppgåvene. Andre krav til eksamen ligg på emnesidene.

Oppgåvene er relativt opne, men nokre kjernemoment bør vera med for å gje ein god karakter. For kvar einskild oppgåve er det som følgjer:

Oppgåve 1:

- Innsikt i at det var nordmenn i mange ulike roller – aktive hjelparar, passive tilskodarar og mellom deltakarar
- Innsikt i at haldningar til jødar varierte sterkt, og at det ofte påverka korleis ein handla
- Innsikt i at årsakene til kvifor folk handla som dei gjorde var komplekse, og at det ikkje alltid er samsvar mellom haldningar til jødar og handlingar. Ofte var det tilfelle eller kontekst som gjorde at ein handla som ein gjorde.

Oppgåve 2:

- Innsikt i at fokus har skifta over tid
- Identifisering av ulike fasar. For Noreg grovt slik:
 - 40- og 50-talet: Vitnemål, empirisk arbeid
 - 60- og 70-talet: Fokus på motstand
 - 70 og 80-talet: Interesse for NS og andre «gløymde grupper»

- 90-talet og utover: Fokus på minoritets- og utsette grupper – individfokus. Holocaust som hovudfokus.
- Fint med drøfting om me i Noreg har ein «nasjonal konsensus» om krigen.
- Ope om ein her vil fokusera på Noreg eller òg ta med eit internasjonalt blikk.

Oppgåve 3:

- Innsikt i skillet mellom sivil og militær motstand
- Innsikt i skille mellom organisert motstand og åndeleg motstand mot nazismen – «haldningskamp»/»heimefront».
- Innsikt i at motstanden kom gradvis og at han i stor grad var improvisert
- Innsikt i at tyngdepunktet gjekk over frå sivil til militær motstand i takt med krigsutviklinga
- Vanskelege spørsmål: Bruk av sabotasje og likvideringar, kva ein skulle senda ut parolar mot, forholdet mellom utefront og heimefront.